

Olje- og Energidepartementet

Postboks 8148 Dep  
0030 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
0411944 - 168	
DATO - 2 MARS 2005	
AN 521	EKSP.

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**  
05/00138-1/

**Dato:**  
24.02.05

## HØYRING NOU 2004:26 HEIMFALL

Vi viser til Departementet sitt brev av 01.12.04, og vil gje følgjande høyringsuttale til utgreiinga nemnt ovanfor:


Det er knytt store samfunnsinteresser til norsk vasskraft. Saman med petroleum og fisk er vasskrafta ein av våre viktigaste naturressursar. Vasskraft er ein evigvarande ressurs som det kan haustast av i generasjon etter generasjon. Vasskrafta utgjer 99% av straumproduksjonen i landet og er grunnleggjande for kraftforsyning, infrastruktur, verdiskaping og velferd i Noreg. Vassdraga er ein viktig del av norsk natur, og er omfatta av sterke natur- og miljøinteresser. Også omsyn til beredskap talar for å halde på nasjonal og demokratisk styring med vasskraftsektoren.

OED (Olje og Energidepartementet) har ved tidlegare høve hevda at konsesjonsreglane ikkje er i strid med EØS-avtala då forvaltning og kontroll med naturressursar fell utanfor avtala, og at EØS-avtala sin paragraf 125 seier at avtala ikkje omhandlar reglar omkring eigedomsretten. Likevel varsla OED lovending. Selje kommune støttar ikkje fleirtalsinnstillinga frå heimfallsutvalet og meiner det er kritikkverdig at den norske stat på eit så viktig samfunnsområde som kraftforsyninga, ikkje har teke initiativ til forhandlingar med ESA. Selje kommune tykkjer òg at høyringsfristen er altfor kort i ei slik viktig sak.

Selje kommune støttar mindretalet i heimfallsutvalet sitt syn om at Regjeringa må gjennomføre ei grundigare utgreiing av kva samfunnmessige konsekvensar omlegginga får, i tillegg til ei vurdering av det nasjonale handlingsrommet etter EØS-avtala, før saka leggst fram for Stortinget.

**Vedtatt den 23.02.05 i Selje Kommunestyre**

Med vennleg helsing



Gunn R. V. Helgesen  
ordfører

**Postadresse:**  
Stab/driftsrådgjevingstenesta  
6740 Selje

**Telefon:**  
57 85 85 00  
E-post: post@selje.kommune.no

**Telefax:**  
57 85 85 01